

Eva Danielson: *Skillingstryckarna. Skillingstrycksproducenter under det långa 1800-talet*. Svenskt visarkiv/Statens Musikverk, 2019. 276 s.

Märta Ramsten: *De osynliga melodierna. Musikvärldar i 1800-talets skillingstryck*. Svenskt visarkiv/Statens Musikverk, 2019. 216 s.

Karin Strand: *En botfärdig synderskas svanesång. Barnamord i skillingstryck mellan visa och verklighet*. Gidlunds förlag/Svenskt visarkiv, 2019. 276 s.

Olav Solberg

Er skillingsvisene i ferd med å få ein renessanse? Interesse for denne tradisjonelt nedvurderte songlyrikken har vel aldri vore heilt borte, men utgjeving av bøker og artiklar og satsing på større prosjekt tyder på at noko nytt er i ferd med å skje nå. I 2019 vart det bl.a. publisert tre interessante svenske bøker om skillingsviser/skillingstrykk, og det er desse eg skriv om her.

Dei tre bøkene representerer ulike innfallsvinklar til skillingsvisestudiet og kastar lys over forskjellige tema. Eva Danielson, etnolog og i mange år medarbeidar ved Svenskt visarkiv i Stockholm, skriv om eit emne dei færreste vel kjenner særleg til – skillingstrykk-producentane, dei som trykte visene, gav dei ut og bl.a. bestemte kor stort opplaget skulle vera. Märta Ramsten, dosent i musikkvitenskap, tidlegare medarbeidar og leiar ved Svenskt visarkiv, skriv om skillingsvisemelodiane. Dette er også eit relativt lite kjent fagfelt. Ramstens bok er ein antologi. Den tredje boka er ein historisk-litterær studie av barnemord-framstillingar i skillingstrykk. Eit uhyggeleg og dramatisk emne. Boka er skriven av Karin Strand, litteraturvitar og nåverande leiar (arkivchef) ved Svenskt visarkiv. Boktittelen assosierer til den barokke språkbruken i skillingsvisene.

Dei tre forfattarane skriv om svenskspråklege skillingsviser, men bøkene er (sjølv sagt) også nyttige for lesarar frå andre land. Skillingsvisene er i stor grad nordisk, og ikkje sjeldan europeisk fellesstoff.

Skillingstrykk-utgjevarane

Den første boktrykkaren i Sverige heitte Johan Snell og var typisk nok, med tanke på kvar boktrykkarkunsten vart oppfunnen, ein tyskar, nemnd i kjeldene i 1483. Snell kom til Sverige frå Danmark. Om han trykte skillingsviser er uvisst, men *det* kom ei mengd andre boktrykkarar til å gjera. Boktrykkarane produserte alle slags trykksaker, skillingsvisene var berre ein del av alt dette. Kven var dei menneska som trykte skillingsviser i Sverige? I kva for byar heldt dei til? Kva slags skillingstrykk og andre trykksaker produserte boktrykkarane? Å skaffe fram all den informasjonen som Danielsons bok inneheld, er ein stor prestasjon. Resultatet har blitt ein imponerende og detaljert dokumentasjon i form av ein katalog over byar med trykkeri og skillingsviseproduksjon. Katalogen, som eg kjem tilbake til, blir uunnverleg for framtidige forskarar på skillingstrykk i Sverige.

Boka byrjar med ei innføring i trykkerifaget. Vi får vita korleis arbeidet i trykkeriet gjekk føre seg, der lærlingar, setjarar og trykkarar hadde forskjellige oppgåver i trykkeprosessen – og der ein såkalla *konstförvant* (faktor, typograf) stod i spissen for arbeidet. Dette var teknisk krevjande, ikkje minst i den eldste tida då trepresser var i bruk. Danielson gjer greie for utfordringane med å skaffe nødvendige ingrediensar som trykksverte, linolje, papir og mangt anna, og gir eit innblikk i økonomiske forhold. Både i starten og seinare var dei fleste boktrykkeria som trykte skillingstrykk, små. Nokre typografar flytte ofte, og boktrykkarane, dvs. dei som åtte trykkeria, var også stadig på flyttefot. Ikkje alle i denne kategorien hadde typografisk kompetanse. Fleire trykkerieigarar var *enker*, noko Danielson forklarar med at koner ofte var yngre enn mennene sine. Dessutan var arbeidsmiljøet i trykkeria usunt, tuberkulose var ein vanleg yrkessjukdom.

Dei fleste svenske skillingstrykk var på åtte sider, med eller utan vignett. Men det fanst viser som var så lange at det trongst eit heilt ark (folio) – som den gamle nordiske balladen «Axel och Valborg». Som i andre nordiske land skjedde det ein overgang frå fraktur- til antikvaskrift på 1800-talet, men ikkje før heilt på slutten av hundreåret slo antikva gjennom i avisene. Om lag samstundes vart antikva vanleg i skillingstrykk. Det tok altså tid før allmugen – vanlege folk – lærte seg den nye skrifta.

Kven var nå egentleg dei som særleg kjøpte og brukte skillingsviser, tok vare på dei, batt dei inn i enkle viseutgåver, skreiv dei av i egne «poesibøker»? Danielson drøfter dette interessante emnet, som vel må vera vanskeleg eller uråd å koma til botnar i. Det fanst i alle fall ikkje så få halvprofesjonelle oppkjøparar som bestilte skillingstrykk i eit eller anna trykkeri og vidare-selde dei til mannen i gata – og ikkje minst på landsbygda. Men – «den vanligaste och slutliga kunden var ändå en privatperson som helt enkelt tyckte det var roligt att sjunga och köpte visor för nöjes skull,» skriv Danielson (s. 90), og siterer fleire utsegner som tyder på nettopp dette.

I følgje Danielsons katalog fanst det frå slutten av 1700-talet til innpå 1900-talet skillingsviseproduksjon i 55 svenske byar og småstader, alfabetisk ordna frå *Arboga* til *Östersund*. I *Falun* kom det første trykkeriet i gang i 1786, og i alt nemner Danielson 4 trykkeri som dreiv aktivt i denne byen. Eitt av desse var *Åkerbloms tryckeri* (1841–1852) som er interessant fordi Åkerblom trykte ein serie skillingsviser med siffermelodiar, jf. omtalen av Ramstens bok nedanfor. Åkerblom var redaktør i *Stora Kopparbergs Läns Tidning*, og han var dessutan både lærar og prest. Heilt utenkjeleg er det vel ikkje at interessa hans for melodiar kan ha samanheng med den yrkesfaglege bakgrunnen hans? Det var nemleg mykje vanlegare i Sverige med melodiopplysningar til religiøse og åndelege skillingsviser enn til såkalla «verdslege» viser, (jf. Ramstens bok).

Men det var rimelegvis i Stockholm dei fleste trykkeria fanst, såpass mange at Danielson ikkje har eksakte tal. Lista over Stockholms-trykkeri er likevel imponerande lang, den inneheld heile 60 trykkeriverksemder, av svært forskjellig karakter. Eit trykkeri som dreiv stort i skillingsvisebransjen – men ikkje over så lang tid – var *Elmén och Granberg* (1810–1848). Carl Elmén og Per Adolf Granberg starta dette trykkeriet i Gamla Stan, og etter at Elmén døydde, dreiv Granberg vidare – til han i 1872 selde det heile til faktoren sin, Ludvig Öberg. Trykkeriet gav bl.a. ut ein serie Bellman-viser med tresnitt-illustrasjonar, og fleire viser om mord og andre skandalar, (jf. omtalen av Karin Strands bok nedanfor).

Dei usynlege melodiane

Märta Ramstens artikkel-antologi har altså skillingsvisemelodiane på 1800-talet som gjennomgangstema. Med referanse til musikkforskarer Margareta Jersild definerer Ramsten til å begynne med begrepet *melodivärldar* (jf. undertittelen), som *nettverk* av melodiar, eit nettverk som kjem til syne i melodiopplysningane som visetekstane er utstyrte med (noko som slett ikkje alltid er tilfelle). Kva for melodiar var i omlaup i svensk skillingsvisemateriale på 1800-talet?

Med grunnlag i George Stephens' visesamling i Växjö stiftsbibliotek – som rett nok berre representerer ein liten del av dei svenske skillingsvisene – kan Ramsten konstatere at ikkje meir enn om lag 10 % av skillingstrykka med såkalla «verdsleg» tematikk inneheldt melodiopplysningar. Resten av melodiane var altså usynlege. Eit så lågt tal som 10 % er atskillig lågare enn det dei fleste har tenkt seg, seier Ramsten. Ramsten drøfter moglege årsaker til det beskjedne talet – som står langt tilbake for meloditilvisingar til religiøse eller åndelege songar. Kanskje var det slik at ein i visse trykkeri rett og slett slutta med å gje melodiopplysningar? Kanskje vart mange visetrykk selde i samband med song og musisering, slik at melodiopplysningar ikkje trongst? Eit anna viktig poeng når det melodistoffet på 1800-talet, er det markante stilendringa som skjer ved midten av hundreåret. Nå blir mollmelodiane færre, i staden kjem moderne og lystige dur-melodiar med slagrepreg, jf. populære viser som «Alperosen» og «Hjalmar og Hulda» (s. 22–23).

Ingen skillingsvisetrykk inneheld musikknotar, dei ville tatt for stor plass. Dessutan var dei færreste brukarane notekunnige. Men særleg eitt bestemt trykkeri gav kring midten av 1800-talet ut ikkje så få trykk med melodi i såkalla *sifferskrift*, fortel Ramsten. Dette var *Åkerbloms tryckeri* i Falun. Sifferskrifta var eit notenoteringssystem som bygde på det enkle – men effektive – instrumentet *salmodikon*. (I Noreg gjekk salmodikonet gjerne under namnet «salmedunk» eller ev. «sørgmodikon» – truleg fordi det oftast vart brukt til innlæring av salmemelodiar, og hadde form av ei avlang trekasse (med ein streng), og fordi tradisjonelle salmemelodiar knapt var eigna til å skapa særleg lystig stemming.) Ramsten gjer fint greie for pres-

ten Johannes Dillners (1765–1862) system for siffernotering, der talet 1 svarar til første tone i skalaen, 2 til andre etc. I ein C-durskala blir følgjeleg talet 1 lik *c*, 2 lik *d*, 3 lik *e*, 4 lik *f*– etc.

På bakgrunn av siffermelodiane kan Ramsten setja opp ei datert liste over 57 skillingstrykk, transkribert til vanleg noteskrift. Her kan ein bl.a. merke seg «En krigsman så bald och en fröken så grann», som går tilbake på ein kunstballade av engelskmannen Matthew Gregory Lewis. Balladen stod opphavleg i Lewis' gotiske skrekkroman *The Monk* (1796) og hadde tittelen «Alonzo the Brave and Fair Imogine». Teksten, som tidleg vart omsett til svensk av biskopen og statsråden Anders Carlsson af Kullberg, kom til å bli eit glansnummer blant spøkelsesballadane, ikkje berre i Sverige men også i Noreg. På svensk er teksten registrert som skillingsvisetekst i 1808, melodien 10–15 år seinare. Det dreiar seg om ein lyrisk moll-melodi. Ramsten skriv at denne melodien har følgt visa til innpå 1900-talet (den står i August Bondesons visebok). Men i alle fall i den norske folketradisjonen har det sikkert blitt brukt andre melodiar til teksten. Märta Ramsten har forresten nyleg skrive ein artikkel om denne og andre spøkelsesballadar (2015).

I ein artikkel i antologien om soldat- og krigsviser 1848–1865 skriv Ramsten om korleis skillingsviser vart tekne i bruk under skandinavismen. Sett frå svensk synsstad hadde desse visene eit anna formål og eit anna preg enn tradisjonelle krigsviser, for her galdt det ikkje fedrelandet, men eit anna land – Danmark, som vart hardt pressa militært av Tyskland. Skillingsvisene dreiv ivrig propaganda for at svenske menn burde slutte seg til den danske hæren som frivillige, men med dårleg resultat reint talmessig.

Det er velkjent at mange ulike slags tekstar kunne lanserast som skillingsviser, deriblant dikt av etablerte forfattarar som Bellman, Tegnér, Atterbom og Lenngren. I artikkelen «Skillingstrycken och teatern» drøfter Ramsten samanhengen mellom operette-ariar og skillingsviseproduksjon. Såleis vart ariar frå Mozarts *Tryllefloyten* brukt som skillingsviser. Ramsten peikar på at det i teater- og lystspeloppsetjingar ofte vart valt melodiar som det var grunn til å tru at publikum kjende. Desse melodiane fekk då nye tekstar, og så kunne desse tekstane seinare lanserast som skillingstrykk.

Denne forma for gjenbruk illustrerer skillingsvisenes store slitestyrke og tilpassingsevne.

Endeleg nemner eg artikkelen om satire i skillingsviser. Her trekker Ramsten fram språk- og musikkformelen *Alt väl – Ni förstår mig väl*. Dette er ein degraderande formel som går tilbake til 1700-talet, og som bl.a. Bellman gjorde bruk av. Sitat frå ei rekke 1800-talsviser gjer det tydeleg at formelen insinuerer at noko ikkje er som det skal, skriv Ramsten. Utan at det blir sagt direkte, formidlar viseteksten ei form for kritikk, og dette er såpass graverande at det ikkje kan seiast i klartekst. Ramstens velskrivne bok bidrar på ein fin måte til at skillingsvisemelodiane er mindre usynlege enn dei var.

Barnemord i skillingsviser

Karin Strands bok om barnedrap i skillingstrykk byggjer på visetekstar med handling frå Stockholm, i stor grad 1700-talstrykk. Vi er altså midt i Bellmans verd – Bellman som ofte skildrar stockholmsk fattigdom og elende:

Ja, jag har gett henne skänker och gull
 på barnhuset skaffa jag barnet.
 Barnet det dog; med kalas på dess mull
 jag söp dödgrävarn full» –

heiter det i *Fredmans Epistlar* (nr. 35). Bortsetjing av barn (mot betaling) på waisenhus eller barneheimar var på 1700- og 1800-talet ein relativt utbreidd metode for å kvitte seg med foreldreansvar, men var av fleire grunnar risikabel. Barn kunne rett og slett bli drepne, direkte og indirekte, det siste ved utsvelting og generelt manglande omsorg.

Denne typen barnedrap, bortsetjing av barn i barnehus, er *eitt* av tre felt eller område Karin Strand tar for seg. Dei vanlegaste barnedrapa skjedde likevel ved at ei ugift mor tok livet av sitt eige «uekte» barn etter fødsel i dulsmål. Vidare skjedde det såkalla *suicidalmord*, dvs. at ei kvinne drap barnet sitt med det formålet sjølv å bli dødsdømt. Denne typen drap var vanlegare enn ein kanskje kunne tru. Rimelegvis var det deprimerte og einsame

menneske som gjorde seg skuldige i slike ugjerningar. Tankegangen – om det kan seiast slik – bak denne typen drap skal ha vore at det drepne barnet uansett ville koma til himmelen sidan det var uskuldig, mens drapskvinna ville få høve til å angre synda og få syndsforlating, og sjelefrelse i neste omgang. Når det gjeld nettopp denne typen barnedrap viser Strand bl.a. til den danske forskaren Tyge Kroghs studie *A Lutheran Plague. Murdering to die in the eighteenth century* (2012) og stør seg så vidt eg forstår til hans hovudtese når det gjeld dei grunnleggjande årsakene til suicidaldrap. Etter mitt syn står denne tesen sterkt. Det var luthersk teologi som låg bak denne typen drap, den personlege angeren opnar hos Luther for syndsforlating og frelse uansett kor grov synda og brotet var. I katolske land derimot, kunne ikkje presten lova meir enn eit langt opphald i skirselden.

Det er skillingsvisetekstane som står i sentrum i Strands bok. Kva er den verkelege historia bak visetekstane, så langt den kan rekonstruerast? På kva måte fortel visene om dei kvinnelege barnemordarane? Korleis er tilhøvet mellom opplysningane som kjem fram i rettssaker og andre kjelder, og visene, som tok sikte på eit breitt publikum? For å kunne svara på desse og andre spørsmål må Strand skaffe seg innsikt ikkje berre i skillingsviser som byggjer på barnedrapssaker, men også historiske og rettshistoriske kjelder. Når det gjeld skillingsvisene, er hovudmaterialet henta frå Kungliga Biblioteket (KB) si store samling, der talet på visetrykk om særskilde brotsmenn og -kvinner ligg på om lag 460, mange i fleire opplag. Kvantitativt utgjer viser om brotsverk og utøvarar av brotsverk berre ein liten del av materialet i KB, men at slike viser og ikkje minst avrettingane av dei dømde gjorde inntrykk, kan vi rekne som sikkert. I større byar som Stockholm høyrde avrettingar til dei mest populære underhaldningsinnslaga.

En botfärdig synderskas svanesång er som nemnt tittelen på Karin Strands bok. Det er også første titteldel av ei av dei skillingsvisene Strand løfter fram: «En botfärdig synderskas söta tårekjälla». Visa vart trykt 17. juli 1734, etter at barnedrapskvinna Annika Larsdotter, fattig tenestejente i Stockholm og innflytt frå Sörmland, hadde kvelt det «uekte» barnet sitt og kasta det på sjøen. For drapet vart ho dømt til døden og halshoggen på nemnde dato, av den tyskfødde stockholmsbøddelen Kristian Helmschläger, på avrettings-

plassen i byen. Visa er lang, på heile 22 strofer, og Strand siterer fleire, deriblant opningsstrofa (s. 80):

Jag syndige slaf,
 Som mig hel och hållen til fienden gaf,
 At tiena i synder och odygder mång;
 Ty giör nu mit samwet mig oro och bång,
 Thet trycker mig neder och bråkar min ben,
 Som en tunger sten, Som en tunger sten.

Strand går ikkje nærmare inn på meloditilvisingar og melodistoff, noko som truleg ville gjort boka altfor lang og omfattande. I samband med den siterte skillingsvisa blir det vist til Margareta Jersilds avhandling om skillingstrykk: *Skillingstryck. Studier i svensk folklig vissång före 1800* (1975) – det dreiar seg om den svenske meloditypen er «Far världen farväl». Her kunne det vore nemnt at det eigentleg dreiar seg om Thomas Kingos store barokksalme «Far, verden, far vel» (1681) som fungerer intertekstuel i høve til «En botfärdig synderskas söta tårekjälla» Kingos salme stiller antitetisk opp det jordiske livet, meiningslaust, mørkt og fullt av freistingar i form av rikdom, gull og kjødets lyst – mot det himmelske livet som ventar i kraft av Jesu frelse, «i Abrahams Skiød». Skillingsvisa låner all si tekstlege kraft av Kingos salmetekst, noko vi ser av innhald, oppbygning, strofeform og detaljar i biletspråket. Det kan knapt vera nokon tvil om at nokon med teologisk kompetanse har skrive skillingsvisa.

Det er heller ikkje utan interesse at ei av strofene Strand siterer (s. 83), inneheld ein referanse til katolsk kristendom. Det må definitivt kallast eit brot med luthersk lære å ta helgenskaren inn i varmen slik det blir gjort her. Kanskje betyr denne teologisk ukorrekte strofa at diktaren ikkje er nokon vanleg prest, og vidare at det breie publikumet i Stockholm ennå ikkje hadde gløymt barnelærdomen, dvs. den katolske tradisjonen?

Jag hörer och ser än mer,
 huru liufligt sig JESUS betar:
 Han ropar til Änglar och Helgonen all.

Och biuder dem siunga med frögd och högt skall:
 Wårt får är genfunnit, som borttappat war,
 Från de sällas skar, Från de sällas skar.

Samanfattande vil eg seia at Karin Strand på ein glimrande måte lykkast med å løfte fram fattige og på fleire vis vanlege Stockholms-kvinner på 1700- og 1800-talet. Metoden består ikkje minst av grundig og systematisk gransking av arkivmateriale, noko det blir gjort fint greie for i bibliografien. Resultatet er blitt ein serie detaljerte og ofte gripande presentasjonar av dei kvinnene som står i sentrum i studien og som vart dømde for barnedrap, men også av andre aktørar omkring dei. Strands stil er kjøleg og nøktern, noko som kler det dystre emnet og står i effektiv kontrast til den barokke skillingsvisestilen. Slik fortel Strand om Anniken Larsdotter i morgontimane etter barnedrapet (s. 78):

Vid fyratiden på morgonen svepte hon in barnet i lakanet och bar ner det til sjön. Hon kastade kroppen i vattnet och stod kvar tills den hade sjunkit till botten. Med lakanet återvände hon sedan hem och gick och lade sig men kunde inte sova «för sitt samvetes orolighet och ängslan». I stället steg hon upp och började att ta itu med sina morgonsysslor, bland annat att hämta vatten från den sjö hon just hade återvänt ifrån.

I drapssaka mot Annika Larsdotter sannsynleggjer Strand at barnefaren var ein viss bakarmeister Herbst. Annika – som hadde født eit «uekte» barn heime i Sörmland – hadde vore amme for Herbsts yngste barn då ho kom til Stockholm, men hadde ei anna teneste då ho sette det nye barnet til verda. Bakarmeisteren nekta for å ha hatt omgang med henne og slapp unna, trass i at det altså var i hans hus Annika Larsdotter hadde tent. Som Strand skriv, var Annika Larsdotter «en ogift tjänstepiga inflyttad frå landsorten, Herbst en etablerad bagarmästare och familjefar med et stort socialt nätverk av släktingar och vänner i staden med omnejd» (s. 93).

Strands tekstanalysar er også gode og presise, og boka er godt disponert. Og ikkje minst velskriven, i større grad enn dei fleste fagbøker.